

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek oppdragsbrevet til Innovasjon Norge for 2021, med dei rammene og prioriteringane som ligg føre i brevet i vedlegg 1.
2. Vestland fylkeskommune innvilgar kr 75 766 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2021.
3. Innanfor denne øyremerkta ramma rår utval for næring, naturressursar og innovasjon til følgande fordeling knytt til KMD sin budsjettpost kap. 553, post 61:
 - Bedriftsnettverk kr 4 000 000
 - Mentortjenesta kr 1 500 000
 - Etablerartilskot marknadsavklaring kr 5 000 000
 - Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta kr 65 266 000

Det kan gjerast mindre justeringar i fordelinga mellom postane. Dette skal avklarast i administrative styringsdialogmøter.

4. Beløp knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader er ikkje fastsett i dette oppdragsbrevet. Fylkeskommunen skal ha kvartalsvise rapportar om faktiske kostnader knytt til administrasjons- og gjennomføringskostnader.
5. Vestland fylkeskommune forventar at Innovasjon Norge Vestland skal bruke sin mangeårige erfaring og kompetanse til å vere ein samarbeidspartner, og delta aktivt på dei arenaene som bidreg til å utløse moglegheiter og møte utfordringane i regionen. Blant anna i den regionale partnerskapen mellom Vestland fylkeskommune, Siva og Forskningsrådet. Ei sentral oppgåve for Innovasjon Norge Vestland, Vestland fylkeskommune og resten av den regionale partnerskapen vil i 2021 bli utforminga av eit handlingsprogram for Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring.